

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2006

- **Sentrum-salongen har fått både nye eigar og nytt interiør**
- **Gordon og jentene har fått "ny" større Spar-butikk**
- **2 unge fotografer har etablert seg**
- **Jubileums-fest for Auestad Søndagsskule**



**"Høgt heng dei
og sure er dei..."**

Lene & Helene Foto

Lene Aanestad (21) og Helene Skrettingland (21), begge fra Varhaug, har nå startet opp studio på hjemplassen.

Fotointeressen har jentene alltid hatt. Det begynte med foto som valgfag på Bryne vgs, og interessen for faget ble større etter dette. Høsten 2005 tok varhaugsjentene turen til Oslo, og startet på den 1-årige fotolinjen som Kunst_Design Fagskolen tilbyr. - Gjennom oppgaver og forelesninger fikk vi lært det grunnleggende innen foto. Det ble lagt mest vekt på digital fotografering og bildebehandling. Interessen var størst for studiofotografering, derfor ble det naturlig å fordype seg i dette utenom skoletid. Det gikk hardt utover venner og kjente, i og med at det ble obligatorisk med en tur i studio i forbindelse med Oslobesøk, forteller Lene Aanestad og Helene Skrettingland.

Utradisjonelle bilder

I juni satte de to varhaugsjentene kursen hjemover til verdens navle, klar for å satse på foto. Tilbakemeldingene på bildene våre viste at det var stor interesse hjemme for mer utradisjonelle bilder, enn det folk flest har hatt hengende på veggen til nå. Vi så derfor muligheten til å starte opp et fotostudio. Det de to jentene satser på er bilder med hvit bakgrunn, og



tøffe og annerledes utsnitt. Øyeblikket er viktig. Det å fange et øyeblikk gir spontane og levende bilder. Begge to liker å være kreative, og legger mye arbeid i redigering av bildene. - Det er utrolig mange muligheter i den digitale verden, understreker Lene og Helene. - Vi vil gjerne at folk som kommer tar med seg personlige eiendeler, som igjen setter et personlig preg på bildene. Med personlige eiendeler menes bamser, en tøff stol, ulike antrekk, hodeplagg eller annet tilbehør. Minstemann sin kosebamse, snowboardet til konfirmanden eller fars saueskinn - det er ikke så mye som skal til.

De unge fotografene tilbyr fotografering og utforming av invitasjoner, bordkort og julebilder. De følger også brudepar gjennom vielse og bryllups

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s
Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

VÅTROMSGODKJENT

Jæren Flis & Skifer as
Meierivegen 4G, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 55 78 Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 E-post: ej@hesbynett.no

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS



fest. Målet er at folk skal gå oftere til fotograf enn det som er tilfellet i dag.

Veien videre

Lene Aanestad og Helene Skrettingland skal kombinere fotograferinga med annen utdanning. De studerer begge ved Universitetet i Stavanger, Helene på lærer og Lene på sykepleien.

– Det er greit å ha en utdanning i tillegg til å jobbe som fotograf, sier jentene.

Fotostudioet ligger sentralt til på Varhaug, i kjelleren, i Toppaveien 12.

Me har innredet studio med tank

på at det skal være en plass folk kan føle seg hjemme. Å bli fotografert skal være en kjekk opplevelse. Fredager fra 16.00 - 17.00 holder de åpent for alle som har lyst å ta en tur innom å se hva slags bilder de tar. Nettsiden deres, leneoghelenefoto.com, er under utarbeiding.

Jentene håper på mange fotooppdrag fremover, og det er bare til å ta kontakt.

Lene 97729963 / Helene 93609919

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Brigdeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar

Jo Ånestad, brigdeklubben

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varamedlem

Sverre Varhaug, vennelaget Lerbrekk

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden som vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still
og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav ein
gløymselekednad god.*

*Men ein og annan merkestein held fast
eit minne enn*

*der han står vakt om deira bein som
levde i vår grend "*



Jerererudla Glass og Brukskunst



Varhaugbuen har som mål å presentere dei ymse verksemdene på Varhaug. Nå er me nok ein gong komen til Lerbrekk. Naboen til Karen Torunn Haarr's Glassstudio, (som Varhaugbuen presenterte i nr. 3/05, Bente Lerbrekk, driv og med glassarbeid

Bente er fødd i Stavanger i 1967, kom til Varhaug i 1980 og gifta seg med Oddbjørn på Gjererudlå i 1981. Dei har 3 barn i alder 12, 13 og 15 år, pluss katter, hunder, gullfisk og undulat. Bente har fagbrev som aktivitør, og arbeidde i mange år på Engelsvoll Psykiatriske, Kleppe .

Familien har og vore fosterheim for fleire barn opp gjennom åra.

Då ryggen til Bente slo seg vrang, og ho vart 50% arbeidsfør, vart det slutt med aktivitørarbeidet. Men Bente har alltid likt å putla med ting enten det nå var sying eller strikking,men glaskun-

sten starta ho med i 97. Då hadde ho, samen med naboen Karen Torunn, vore på kurs i Oslo. Så bar det heim til arbeid med mykje prøving og feiling i verkstaden dei hadde laga til på garasjeloftet.

Bente seier ho har mist motet mang ein gong når store flotte ting kjem ut av omnen med ei kjempeblørra (noko dei slett ikkje skal ha). Men, seier Bente, då er det berre å bretta opp armene, ta fatt på ny for å prøva å gjere det betre neste gong. Ein kan



ikkje missa motet heilt, men ho seier at av og til er det tungt, særleg dersom det er eit stort arbeid.

Den gamle løa på garden var til nedfals. Den er nå rehabilitert, der ein del



av dei gamle sperra framleis er i bruk, og der Bente både har fått eit flott utstillingslokale og ein god arbeidsplass. I tillegg har Oddbjørn, som driv med litt trearbeid, og har fått sin verkstad

Bente har i mange år hatt sommerutstilling på Tveitatunet i Valle, og nytt iår var og utstilling på Haukeli. I tillegg kan ein finna varene hennes i galleri Koll i Bikuben i Hillevåg, i ein kunstkafe på Husnes, i eit utsal på Nærbø og Frolands Verk. Men og sjølvsagt heime i Jererudlå, der heimesalet har auka ein del i seinare tid.

Bente har opp gjennom åra hatt ein del kurs (les lakekveldar) der folk kan få laga sine egne fat, og så tek ho dei heim til brenning

Ho har og hatt utsmykningsarbeid for bedrifter.

Bente liker å lage både små og store ting, men eg forsto ho hadde ein ekstra sans for høner. Nå er det jo ikkje så lenge igjen til jul, så nå kjem det til å gå meir i nisser og engler o.l.

Bente har ein fin brosjyre der ein kan lesa: "Glass fra eget verksted. Her ar-

beides det med en gammel teknikk, hvor glasset fuses og slumpes. Glass til små dører, vinduer og fat kan lages på bestilling etter eget design og fargevalg". Så her er det berre å ta vegen til Jererudlå dersom det er noko som fristar.

Bente seier ho alltid må vera klar til å fornya seg, og deltek difor ofte på kurs både i Oslo og Danmark. Og utfordringa ligg alltid i å finna nye ting som folk syns om, med andre ord fylgja med kva som er "In" i tida.

Kva gjer så Bente når ho skal slappa av frå alt glaset? Ho fortel at ho er glad i å reisa, og nå har familien kjøpt hytte tomt i Amerika.....Vidare har ho vore med i det frivillige arbeidet i VIL, og så liker ho godt å brodere. Akkurat nå går det i bunadsaum.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer Bente til lukke både med glas, bunad og ev. hyttebygging i Amerika.
Liv

Nytt frå Misjonshuset

Aktivitet

Neste storsamling for heile familien vert søndag 24. september. Desse samlingane vert kalla "på kross og tvers" og startar kl 1800. Ungane i ulike aldrar vert fargekoda og har tilpassa opplegg for aldersgruppa, medan vaksne i dei fleste aldrar har foredrag i møtesalen. Og etterpå er det kveldsmat! Kom og sjå kor kjekt det er! Ein kan finna bilete frå "kross og tvers" på Misjonshuset si internettside, www.varhaug-misjonhus.no

Det vert og en "på kross og tvers"kveld 19. November

Misjons- husbasaren

Den årlege basaren for misjonshuset vert fredag 6. oktober kl 1900. I veka før vert alle husstandane i Varhaug oppsøkte av loddsejarar. Som vanleg vert det fine gevinstar, dei tre gjevaste er måleri, sykkel og gavekort på Bohus. Me vonar at de vil ta godt med lodd.

Program

Ved ein glipp vart ikkje programmet for misjonshuset sendt inn til kyrkje-lydsbladet i rett tid denne gongen. Men det kjem i Misjonshusbladet som snart går i trykken. Eller sjå på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonhus.no.



På landsleir med 4H



Tromøya 29. juli – 5. august 2006

På lørdag kom vi til militærbasen etter en 4 timer lang kjøretur (vi hadde pause på "utsikten" i en halv time). Vi fra Rogaland og Hordaland delte tun. Etter å ha satt opp telta gikk vi ned til vannet og bada. På tunmøtet valgte vi tunsjef. Hver kveld var det underholdning. Hvert fylke skulle ha minst 15. minutt underholdning hver, men det var bare to fylker hver kveld.

Hver eneste dag ble vi vekket klokka 07.30 av høy musikk. Når vi spiste frokost smurte vi med oss nistepakke

som vi spiste senere på dagen. På scenen, der underholdningen var, måtte vi også gå hver morgen etter frokost.

Her fikk vi informasjon om dagen foran oss.



På søndagen var det satt opp natursti som vi kunne gå, men det var nesten ingen som "gadd". Det var ikke satt opp noe spesielt program vi skulle følge.

Etter frokosten på mandagen fikk vi vite hvilken aktivitet eller tur vi kom inn på den dagen. Vi pakket tinga vi trengte for dagen. Etter at vi hadde vert på scenen og fått alt av beskjeder gikk vi til kursa/turene vi skulle på. Disse varte i 5 timer, inkludert pauser.

På tirsdag og onsdag var det også slik. På onsdag ble "32 grader sør" turen endret til "58 grader nord". Dette på grunn av mye vind på sjøen som gjorde at båten ikke klarte ta seg fram til den øya vi skulle til. I det vi kom tilbake til Tromøya begynte det å "plaskregne", og vannet dannet elver som rant gjennom telt og lavvoer. De fleste fra Aust-Agder og Rogaland tuna måtte grave vollgraver rundt telte. Til tross for regnet, måtte de laga som ikke hadde spilt sandvolleyball kvalifiseringskampene gjøre det. Hvert fylke gjorde dette for å ende opp med et lag som representerte fylke.

Torsdag var bedre enn onsdag. Været var fint da Rogalands sandvolleyball-lag møtte Buskeruds lag i finalen. Buskerud vant. Det ble også turnering i vanlig volleyball, der fylka stilte med så mange lag de ville. Vanlige medlemmer og alumner (de som har fullført 4H) hver for seg.

Fredag var også en varm og solrik dag, der vi gikk i bikini. Denne dagen var det åpen dag, der andre folk som ikke var med på leiren kunne komme



og se. Vi hadde ryddet hele leirområdet, slik at det var ryddig og fint da folk kom. Det var lite med folk som kom, og naturstien som var laget for dagen ble ikke veldig mye brukt. Underholdningen ble ganske sen, men det var jo siste natta og mange reiste senere på kvelden.

Vi fra Rogaland reiste i 9-tiden, og nesten de siste som reiste. Så var leiren slutt for denne gang, men jeg er sikker på at det ikke blir så lenge til neste gang. For leir er veldig gøy!

Christine Sikveland

Sjakk på Varhaug

No er det klart for oppstart av skulesjakk i bomberommet på Varhaug skule. I forrige skuleår var det med 20-30 gutar. Men ingen jenter spelte fast.

Me startar opp igjen med skulesjakk på tirsdag 19.september. kl 1715. Speletid vert 1715-1830. Dette sjakktilbodet gjeld elevar ved barneskule og ungdomsskule.

Sjakk for vaksne? Då er det berre å reisa til Bryne, der Jæren sjakkklubb spelar torsdagar frå kl 1900 til 2130. Spelestad: Frivillighetssentralen i rom i 3. etasje i M44. Her er alle velkomne, og det vil vera folk frå Klepp, Time, Gjesdal og Hå som er med der..

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Jubileumsfest for Auestad søndagsskule

Søndagsskulen på Auestad har snart eksistert eit halvthundre år. Dette skal markerast med ein fest på Misjonshuset torsdag 5. oktober kl. 18.30. Då skal óg Sverre Aanestad og Gudrun Husveg få Kongens fortjenestemedalje for det arbeidet dei ha lagt ned for søndagsskulen. Til denne jubileumsfesten er alle hjarteleg velkomne. Ekstra gildt hadde det vore om mange av dei som tidlegare år har gått på Auestad søndagsskule kom på festen. Sjå elles annonse i Jærbladet om festen!



Sentrumsalongen har fått ny eigar



Eg møtte opp i salongen for å ha en prat med Trine Nevland, men eg møtte ei anna enn det eg trudde. Eigaren av salongen er verkeleg nok Trine Nevland, men ho er frå Nærbø og fødd Omland for 35 år sidan.

Nevlandnamnet fekk ho då ho gifta seg med Morten Dei bur på lensmannsgarden og har 2 barn; 1 gutt på seks og ei jente på snart åtte.

Trine tok svennebrev i 93, men før det hadde ho læretid sjå Carmen, Nærbø. Ho har og vore sjå Frisørsenteret Bryne og Fleur Nærbø, før ho kom til Vigrestad for 9 år sidan. Den sista tida der gjekk ho i 1/2 stilling p.g.a. barna.

Det å få noko for seg sjølv hadde ikkje vore i tankane sidan barna var så pass små, og så treivs ho godt i salongen på Vigrestad.

Men då ho oppdaga annonsen om ein salong i Hå som var til sals, måtte ho berre ta chansen. Ho skryt veldig av Morten som både tek seg av maling og oppfiksing i tillegg til noko data. Og eg var faktisk den første som var innom på det nylagde golvet!

Trine seier ho trivs veldig godt på Varhaug, det er eit godt miljø, og ho

har og overteke mange gilde kunder etter Berit.

Telefonen ringer fleire gonger mens eg er innom + at folk kjem innom og lurar på om det er noko ledig

Utanom Trine er det ein lærling og 2 utlærde ("dei siste følgde med på lasset"). Den eine av desse arbeider 100% den andre 50%.

Sommaren er kanskje den mest travle tida for ein frisør, men til vanleg vert det rolegare når skulen har starta. Men det er ikkje høgsesong, slik som før, då alle skulle fiksa håret til påske, jul og nyttår. Nå går det jamt over heile året

Det går heller ikkje så mykje i permanent som før, men desto meir i farge og striper. Her er og mennene kome for fullt. Det siste på dette området er Camo - ein dekkfarge som berre skal skjule dei første små grå....

Sentrumsalongen har nå og Redken-produkt!

Kva gjer så Trine når ho ikkje steller med hår? Ho liker godt å gå tur, og då ho var heilt ung spela ho handball, men nå går det mest i å fylgja opp barna.

Når det gjeld ferie er Bulgaria ein fin plass, seier Trine. Dei har vore der dei to siste åra. Elles har både foreldra og svigers hytter, som vert mykje nytta.

Varhaugbuen takker Trine for praten, og ynskjer ho lukke til med fortsatt drift av Sentrumsalongen. (Trine kunne og fortelja at ho hadde vore borti håret mitt og ein gong for mange år sidan, då ho arbeidde på Frisørsenteret)

Takk for meg!

Etter 16 år som eigar av Sentrumsalongen måtte berre Berit O. Søiland "hiva inn handkledet".

Det er ikkje fordi eg er lei dei gilde kundane mine, seier Berit, men helsa - armane - klarte ikkje meir.

Berit er 38 år, gift med Thorvald og bur på Vigrestad saman med 3 barn, 2 jenter og 1 gutt i alder 8, 10 og 12 år.

Berit har drive som frisør i godt og vel 20 år, først i lære og praksis på Madla, og så dei siste åra i Sentrumsalongen.

Nå har ho starta med noko heilt nytt, nemleg lærarskulen i Stavanger som går over 4 år. Berit seier ho veit ikkje om ho passer til å vera lærar, men dette vil ho vel finna ut når ho skal ut i praksis. Og noko anna enn frisør måtte ho finna på, for ho hadde ikkje lyst til å verta ufør i så ung alder. Det var trist å slutta av, men ei heilt nødvendig avgjerd.

Berit sender ei helsing til alle dei "gamle" kundane med takk for gilde år på Varhaug, og ho ynskjer Trine Nevland lukke til med Sentrumsalongen som hadde vore Berit sin arbeidsplass dei siste 16 åra.

Liv

OBS! OBS!

Med brask og bram
vert det nyåpning av
Sentrumsalongen
i begynnelsen
av oktober.

- - -

Strikke-kafè

Me var temmeleg spente på mandag 4. september om det ville kome folk til kafèen på Mega. Me hadde høyrte fleire seia: "Nei, vett du kæ, eg kan aldri tenka meg til å ta spødet med på kafè"

Men det var det heldigvis ikkje alle

som tenkte, for det møtte opp over 20 damer. Nokre hadde spòt med seg, andre berre såg på og drakk kaffi, mens størstedelen fekk hjelp og veiledning av Anny frå Idèstova på Bryne, i mange nye teknikkar.

Gildt er det i alle fall at folk møter

opp når det skjer noko nytt i sentrum.

Det vert 2 strikkedagar til før jul, den første mandagen i oktober og den første i november. Vel møtt igjen både de som var denne gongen og ev. nye.

Styret i bygdekvinnelaget.



RØRLEGGER TEAM AS

4360 Varhaug. Tlf: 51 79 83 10 - Fax: 51 79 83 11

Litt om Ola Tvihaug



Bak eit postkort med bilete av Varhaug Sparebank, har Ola skrive dette diktet:

*"Her ser de litt av Varhaug st. i nyere dage
I storhet og sk nhet mon den nu tiltage
Her ryddes og bygges jo aar for aar,
saa i omfang den "Trangvik" snart overg r.
Telegraf=telefon= og elektrisk traad utspent paa kryss og tvers
saa spurv og andre fugle faar nu sidde hoit til vers.
Til meieriet blev i 1929 oppf rt et stort ysteri
med piben i nordvest saa frank og fri.
Ole Hobberstad vilde murt den saa hoit som de aatte,
men slutte i 25 meters hoide han maatte.*

*Han og Rasmus Garborg oppf rte h sten 1932 Varhaug Sparebanks lokale
som i komfort og belysning kan vist maale seg med Kong Salamons sale.
I Stordalen" den vinter gik 27 gutter og gjenter i barndommen", det er utlagt:
De gik paa framhaldsskulen hvor Magnus Skretting lærar var,
og jevnt fremad det bar.
Ja tenk 33 raske gutter "gik ogsaa i barndommen"
N.M. Kverneland og  ksnevad passet dem i vinterlandbruksskolen
De holdt da til i Losje Vaarbloms lokale
og etter hva jeg forstod gik det ikke saa gale.*

Varhaugbuen pr ver alltid   f  med seg litt nytt og litt gammalt i bladet. Denne gongen har Sverre Varhaug levert dette stoffet:

Eldre Varhaugfolk vil minnst Ola Tvihaug, f. 4. mai 1861. Han var ein kjend mann i stasjonen fr  1920  ra til han d ydde 15. juni 1946.

Ei tid dreiv han garden p  Tvihaug, saman med broren. Men han selde sin del og flytte til stasjonen til eit lite hus som l g aust av meieriet mellom nye og gamle Odlandsvegen - i kanten av Sviskemyr .

Dette huset hadde Vinsa-Lars f tt flytt fr  B lje i si tid. D  det stod i B lje, var Hana-Mikal ein av dei siste som budde i det. B lje ligg opp av Sundvoren i vestre delen av den nye Cross-banen p  Elgane.

Vinsa Lars selde fisk i stasjonen. Dei hermde etter han n r han selde makrell og sild: "Ein store og to sm e, d    to"

Vinsamyr  ligg mellom Jorenkj l og Kjell p  H g-J ren. Ein som heitte H yl nd var den f rste p  dette bruket, som vart bygt og oppdyrka som naudarbeid i mellomkrigs ra.

Etter at Ola Tvihaug d ydde, k pte Rasmus O. Hobberstad det stykket som Ola hadde  tt. Der bygde han hus til seg og Gudrun lengst nord. Seinare kom Anna og Olav Hobberstad og Oddveig og Gabriel Odland lenger s r. N  er heile stykket bebyggt.



VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland B 

F ttene trenger ogs  fagfolk !

Mandag og torsdag 15 - 19
Tirsdag og fredag 9 - 15



ALT INNEN NYBYGG - P BYGG - REHABILITERING



**Magnar
Helleren**

4360 VARHAUG Tlf: 975 21 200 - 51 43 07 34

Ola Tvihaug var nok litt av ein original, som sa mange løgne ting med det håse målet sitt. Han gjekk mykje på besøk til folk, han snakka med både unge og gamle, og han var velkomen i mange heimar. Ola skreiv og dikt om mange ting som hende i bygda. Ola arbeidde for fråhaldssaka, og var ein ivrig mann for meir skogreising.

Han var og med stasjonsungane når dei snikte etter wienerbrødsalker på handelslaget og Bøen.

Det var saknesamt i stasjonen då ikkje Ola var meir.

På et anna kort, som nok var reklame for skogselskapet, for på framsida står det: Støtt skogsaken. Sank kongler av skogens overflod. De norske skoger trenger foryngelse ved såning og plantning”, har Ola og skrive dikt Til Maria og Sivert, Anna og Ole O. Husveg og deres avkom, Varhaug, Jæren Rogaland, Vestlandet, Norge, Skandinavién, Europa, Østlige halvkugle, Jorderiket.

*Takk for iår! Takk for i kveld! Lykke og held følge Eder! Gid alt gaar vel!
Takk for godt prat, for kaffimat!
Jeg er met og glad og godt i lag.-Saa faar jeg da hatten og staven tage
og saa opover til stasjonen drage.
Ved 20 tiden er jeg vel hjemme,
med Eders gjestfrihet vil jeg sent glemme!*

P.t. kjøkkenbordet 11.1.38: Godt Nytaar! Hilsen! Det skje! O.Tv.

PS Er det andre som har dikt av Ola Tvihaug, var det gildt om Varhaugbuen kunne få låna dei. Helsing Sverre Varhaug.

(Red. anm.) Sverre seier han husker godt då Ola sat ved kjøkkenbordet deira og skreiv dette.

Tøffe-toget

Tøffe-toget treng ny “heim”. Er det einkvan i bygda som kan ta vare på Tøffe-toget og sjå etter det?

Er dette noko for Elevbedrifta ved skulen?

Ta kontakt med Varhaugbuen dersom det er nokon som har plass og “hjarterom” for Tøffe-toget.

Ledige lokale

på Internatet

Er det einkvan som har bruk for eit lite kontor i sentrum av Varhaug?

Då bør de ta kontakt med Internatet v/Jone Bryne.

Årsmøtet til Varhaug

bygdekvinnelag

vert på Eldresenteret torsdag 28. september kl. 19.30

Gro Skartveit Halsnøy frå Forening for stoffmisbrukeres pårørende kjem og orienterar om arbeidet sitt. I tillegg vert det vanlege årsmøtesaker og god mat; gryterett og is.



Årsmøtet til Varhaug

bondelag

vert på Holmavatn mandag 2. oktober kl.19.30. Arna Høyland vert med.



Åpen gard



Som vanleg var bygdekvinnelaget med på Åpen gard, som var den 13. august. Mildrid og Ole Andreas Aarsland ynskte alle velkomen til gards, og bondelaget hadde gjort ein kjempejobb med å få alt på plass av både

dyr og mat. Bygdekvinnelaget steika som vanleg lapper og koka kaffi. Men om det var mindre folk i år, eller om dei som kom åt seg mette på pølsene og wooken, er ikkje godt å seia. Me hadde i alle fall nok lapperøra! (Eg steikte lapper i eit par timer etter at eg kom heim for å bruka opp mi røre, og Astrid og Kjellaug hadde nok óg ein god del igjen). Men det er betre med for myke enn for lite.

Liv



Frå redaksjonen

Kjempeflott sommar

Så er ein kjempeflott sommar over, der alle har fått høve til å møta hausten med godt oppladde batteri. Men det ser ikkje ut som det er slik med meg. Eg fekk nemleg ei kraftig forkjøling då me gjekk inn i september, var det kanskje hausten som kom litt brått på? Ja, ja, eg trur det må vera 15-20 år sidan eg hadde noko liknande sist, så eg har vel ingen grunn til å klaga. (men eg må tilstå at eg gjer det likevel). Eg hadde ein Varhaugbu som skulle gjerast ferdig, og det gjekk helst litt i rykk og napp. Ned på benken for å kvila, opp til maskinen for å skriva osv. Men det er nå aldri så galt at det ikkje er godt for noko. Kleng i Jærbladet var og sjuk, og då vart fristen for meg utvida litt, og det må eg tilstå var nødvendig.

Som de vil sjå i bladet, har me denne gongen og med både ting frå gamle dagar og heilt ferske ting i nærmiljøet. Me får gode tilbakemeldingar frå bygdafolket om at det er eit gildt blad, og at folk set pris på Varhaugbuen viser tydeleg på beløpet som er kome inn som gåve og abonnement; over kr. 12.000!

Varhaugbuen nr 4

skal ut i veke 48 - før julegrana skal tennast.

Stoff og annonsefrist er mandag 20. november.

Konsert i Vedafjell



Søndag 11 juni var det 3 fine konsertar i Vedafjell. Det var elevar og medlemar i Hå Kulturskule og Ognå og Varhaug Skulekorps som stod for musikken. Sang, fiolin, trompet, trombone, fløyte og saxofon

i eit breitt utvalg av musikk. Levande lys og lyden i fjellhola gav ein trolsk atmosfære. Me vil oppmoe alle til å ta ein tur til Vedafjell ved seinare høve.

Arnstein



Gladsang og loppemarked

Fredag og lørdag 16. og 17. juni hadde "Hjelp til Russland" aktivitet for å samle inn penger til vanskeligstilte barn, gamle og sjuke i Viborg område i Russland.



Helgen starta med gladsangkveld på fredagen der 8-9 staute karer frå Jørpeland kom på motorsykkel, med 3 gitarer og 2 trekkspell ga de oss mykje fin sang og musikk innimellom åresalg, kaffe og noko å bita i.

Lørdagen kl. 11:00 starta salg av lopper som vi hadde fått rikelig av og salget gjekk strykende, men ikkje alt blei solgt.

Ettermiddag var det tid for Aksjon over blomster, møbler, dører, vindu sykler, rund Elto vaskemaskin, t.o.m. store sekker med ved.

Oppmøtet var svært godt, spesielt på fredagskvelden var det stappfullt

av folk over 80 stk fant sete i skolestova, lørdagen var og mykje folk, noen kom bare for å sjå og oppleve stemninga andre var der bare for å få seg noko mat, veret satte jo en fin ramme rundt det hele.

Me var svært nøgde med resultatet på 60000,- som går uavkorta til hjelpearbeidet.

Takk til alle som støtta opp om arbeidet med gaver, lopper og mat og ikke minst til dere som kjøpte lodd, lopper og mat.

En hjartans takk frå oss alle
i komiteen
Lars-Jan

Ungdom og ku

Her er nokre bilete frå ein koseleg kveld hjå Elin på Hobberstad, i midten av august. Me var samla ein tjue stykker for å læra meir om dømning av ku. Tore Joa viste oss korleis kyr av dei tre rasane Holstein, NRF og Jersey skal og ikkje skal sjå ut. Etter at me hadde sett både lenge og vel på dyra, var det tid for grilling og kos. GENO stilte med maten og Q-meieriet med drikke. Me prøver med slike kvelder å bygge opp eit miljø for ungdom som er interesserte i kyr. Dersom det er nokon som har lyst til å vere med ei anna gong, er det bare å ta kontakt med Sigmund Rangen og spørja han når neste treff skal vera. Det er alltid kjekt med nye folk! Turid Siqveland



Jærens nye
tomteutviklingsselskap

Representerer 3 lands-
dekkende boligkjerder:



MESTERHUS



Mester

TOMTEUTVIKLING AS

Tlf 977 67 010

**MesterBygg
Jæren AS**

NettBygg AS

**Skrettingland
& Lobekk AS**

**Jon Harald
Håland AS**

Vårt mål er å sikre fremtidige oppdrag ved å få hand om og utvikle større og mindre tomteområder, og dermed kunne tilby boligkjøpere et variert boligtilbud, samt å sikre arbeidsplassene for våre ansatte og våre lokale underleverandører.

Har du område med tomtepotensiale er vi interessert i kontakt med deg. Sammen kan vi vurdere mulighetene. Vi har kompetanse på regulering og annen nødvendig kontakt med offentlige myndigheter.

Tomtesituasjonen på Varhaug

Varhaug bedriftsforening er bekymra over manglande tomter både til bolig- og næringsformål på Varhaug.

Me er kjent med at fleire bedrifter ønsker tomt for å byggja og utvida sin virksomhet. Dei får til svar at det ikkje er ledige areal, og når det vert regulert nye utvidelser til nærings- tomter, vil dei som allerede er etablert på området bli prioritert. At det ikke er råd å få tomt umiddelbart er en ting, at det heller ikke kan førespeiles når det KAN ventast nye, kan lett tolkast som likegyldighet, og alle fine ord om tilrettelegging for næringslivet virker for lettvint.

Me er og kjent med at mange ønsker å byggja eller kjøpa hus på Varhaug. Det er ca 2 år sidan siste byggefelt på Varhaug var så og seia utsolgt. Fremdeles er det ingen nye felt som er klar. For dei som vil etablere seg og bu på Varhaug, er dette lite tilfredsstillande.

For næringslivet på Varhaug er det negativt, då det bremser den naturlige og ønska veksten i alle bransjer, og påverkar utviklinga av Varhaug Sentrum og tettstad. Følgjande tabell viser planlagt bygging av boenheter i Hå pr. år samt oversikt over igangsatt bygging av boenheter - når det gjeld 2006 er dette hittil dette år.

Plantal, boenheter/år	Igangsette boenheter		
	2004	2005	2006
Nærbø	40	76	117
Varhaug	17	20	12
Vigrestad	10	31	13
Stokkelandsmarka	17	8	6
Brusand/Ogna/Sirevåg	16	23	19

Etter vårt syn er det en mykje høgare etterspørsel enn det som plan-

tala legg opp til på Varhaug. Bedriftsforeninga har med brev og i møter teke tomtespørsmålet opp med Hå kommune. Ser ein på tala og framtidsutsiktene er det tydeleg at her må det eit krafttak til.

Varhaug Bedriftsforening vil arbeida aktivt for å få tomteareal til så vel næring som bolig på Varhaug som samsvarer med etterspørselen.

Første byggeklare byggefelt på Varhaug vert Bratlandsmarka. Der skal det byggjast ca 190 boenheter med 18 eneboliger, Tomtesalget har starta og 4 er alt selde. Forventa byggestart er våren 07.

For Varhaug Bedriftsforening
Jon Harald Håland

"Innante spretten", fylkesleiren 2006



"Innante spretten", fylkesleiren 2006
Det fine med å reise på leir er å treffe nye folk, og ikke minst å treffe igjen venner fra i fjor og årene før. Leiren er et godt sommerminne og jeg oppfordrer alle andre til også å reise på leir! 29.juli – 2.juni ble det arrangert fylkesleir på Fister, i Ryfylke. Leir er jo noe av det morsomste med 4H, så det måtte jeg få med meg. Sammen med tre andre fra klubben (Guri Bratland, Christine Sikveland og Brit Elisabeth Bratland- voksenleder) satte jeg kursen nordover.

Da vi ankom Fister på torsdagen, etter reis med både tog, buss og båt, satte vi opp telte. Vi ble delt inn i tun, det vil si at vi fikk et område hvor teltene fra klubben vår (Svala) og ett par andre klubber skulle stå. I alt var det åtte tun,

og 192 4H-ere fra 28 klubber. På fredagen ble vi delt inn i grupper, til fottur/aktivitetssløypa. På denne måten ble vi raskt kjent med flere deltakere. I løpet av turen var vi innom flere poster, både med spørsmål og fysiske oppgaver. Løypa endte på Fister antenne. Herfra kunne vi se det meste av Ryfylke, en utrolig utsikt. Etter å ha kommet oss hjem igjen til leiren var det mulighet for å bade, og kort stund etter startet den faste volleyball-turneringen (4H-sporten).

Lørdagen var kurs/aktivitetsdag. Aktivitetene hadde vi valgt på forhånd, og her var det mye å velge mellom! Dropskoking, volleyball (4H-sporten), hest, tae kwon doe, asiatisk mat, kakepynting, og kano er bare noen av dem. Jeg valgte tae kwon doe. Det er en

kampsport hvor utøverne lærer selvforvar og slag. Dette var rare greier, men veldig morsomt og lærerikt.

Søndagens finaler i volleyball ble vunnet av Bjerkebygda (junior) og Tufte (senior)

På kveldene var det miljøtorg og diskotek. På miljøtorget var det mulighet for å spille spill eller handle i kiosken. Det ble også konsert med et lokalt band, og filmkveld. Siste kvelden var det underholdning fra tuna, samt kåring av beste tun. Nettene bestod for det meste av lite søvn.. Helt til slutt må jeg bare benytte anledningen til å skryte litt av maten. En skulle kanskje tro at vi skulle få den enkleste mat, men nei da. Både frokost, middag, frukt og det hele var topp.. For i 4H, der står de på!
Ingfrid Viland

Grilling på Lerbrekk



Mykje folk var samla på krocketbanen til feiande trekkspeltoner og sjølvsagt fint ver. Ove og Arvid stod som vanleg for grillinga, og det vart og tid for allsang både før og mellom grillmat og kaffe. Denne kvelden, som har vorte ein tradisjon, samlar både unge og gamle til drøs og kos.

Kvelden vart som vanleg leia av Sigbjørn som og hadde mange festlige historier på lur.



Spar har fått "ny butikk"

Spar-butikken har vorte større og flottare med betre oversikt over varene. Ikkje minst er frukt og grønt avdelinga bra. Her kan me verkeleg finna "5 om dagen".

Frukt og grønt er (heldigvis) vorte meir in i tida. Nå går det mykje på kålrot/gulrot m.m. under arr. for barna på Iden.

På skulen går det og mykje frukt/grønt, og det er Sparbutikken som leverar varene til skulen. Dei leverar og oppskoren frukt til bedrifter som ynskjer det.

VARHAUG SPAR 

Gordon og jentene ønsker deg velkommen til «ny butikk». Samtidig feirer vi vårt 5 års jubileum



NY FRUKT & GRØNT AVDELING



Landsleir på Røros



1. rekke: Jan Einar Lerbrekk, Rune Husveg og Nils Arne Risa.

2. rekke: Robert ueland, Kåre Husveg, Brian Waldeland og Even Varhaug.

3. rekke: Geir Waldeland, Trygve Vik, Andre Vagle, Lars Kristian Haaland, Jørn Aarsland

4. rekke: Bjarne Skrettingland, Thor Inge Auestad, Odd Tore Håland og Olav Honnemyr

Me reiste til Eigersund 29. juli, for å ta toget til Røros. Toget gjekk kl 20.00, og me var venta framkomst i 1 tida dagen etter. Me kom fram ein time etter planen. Toget skifta frå elektrisk til dieseldrift i Oslo.

Straks med kom fram til leirområdet, starta med å setja opp telta. Me bygde bord, oppvaskbenk og fettfelle. Seinare den dagen var det åpningseremoni. Slike et alltid flotte på speidarleir. Om morgonane vart med vekte av ei revekje klokka 07.45, og då hadde me eit kvarter til å kome oss opp og heisa flaget på troppsområdet.

Etter flaggheisinga åt me frukost, og så var det morgonsamling. Me bygde leirområdet ferdig, og det var berre portalen (inngangen inn til området vårt) som mangla. Den bygde me neste dag. Måndag var det same program om morgonen, men om ettermiddagen var det ei hemmelig patruljeoppgåve. Oppgåva var å lage eit sjakkspel med fullt utstyr.(d.v.s. sjakkbrikker). Dei som vant konkurransen budde rett ved sida av oss. Om kvelden gjekk me på fellesleirbål. Tysdag reiste me og bada i Glomma. Etterpå var me og handla, og om kvelden var me med på ei nattverdsgudsteneste i Bergstadens

Ziir. Onsdag var det haik og me gjekk ut i 11-tida. Me kom fram til overnattingsplassen etter 3 timars gåing. Der sette me opp ein enkel gapahuk og såg på eit slags show om kvelden. Dagen etter skulle me tilbake til landsleiren, men då gjekk me oss vill, slik at me gjekk eit par km for langt. Fredag skulle det vera fellesmartnan. Fellesmartnan er eit slags aktivitetstorg og inntekta på slike går til eit misjonsprosjekt. For å prøve ein aktivitet betalte me ein setel som kosta 10 kr. Me gjekk i ein "bank" og veksle. Alle skulle ha ein aktivitet og me laga ringspel. Det gjekk an å vinna på nokre lodd og



dei som vann fekk vera med på ei Xbox-turnering. På ettermiddagen var det storfinaler i speiderball og kanonball. Om kvelden var med på avslutningsleirbål. Den siste natta sova me under open himmel. Toget heimover gjekk klokka 9, men me kom ikkje av garde før i halv 10-tida. Då vi var halvvegs til Oslo kolliderte toget med ein bil med eit lass med reier slik at fleire dører "hoppa ut av ledd" og fleire vindaug vart knuste. Difor måtte me køyre seint heilt til Oslo, og når me kom fram der måtte me venta i fleire timar på at toget skulle skifta vogner. Medan me stod i Oslo var

det sju personar som fekk heteslag og besvimte, heldigvis ingen frå Varhaug. (me hadde teke med 3 stk 10-literskanner med vatn). Etter ei god stund fekk me brus og sjokolade slik at me kunne halda blodsukkeret oppe. Me kom heim kl 4 om natta, og då var med minst 5 t forsinka.

Turen til Røros vart ikkje øydelagt pga. det, men etter å ha vore heimanfrå i over ei veke, så var det godt å koma heim til si eiga seng.

Helsing Robert Ueland
og Olav Honnemyr

Eit finare sentrum

Det har skjedd ein del i sentrum i sommar. Det var nokså kaotisk ei tid med mykje graving og omkøyring, men nå er det vorte ganske bra. Rundt Esso og parkeringsplassen til Bohus/Spar har det skjedd mykje, og ikkje minst har det friska opp med alle dei flotte blomane både i urner og ampler. Og både SR.Bank og CoopMega er nymåla!

Ingen tvil om at me har fått eit finare og trivslegare sentrum!

Basaren til bygdekvinnelaget

Denne vart halden på Eldresenteret 31. august. Det var ein gild basar med mykje folk og god underhaldning; Brit Obrestad som kåserte og spela piano til allsangen og Liv og Arne-stein Skretting med fløyte og sax. Både åresalet og det vanlege loddsalet gjekk greitt unna, og laget fekk inn godt med pengar som skal brukast til eitkvart nyttig i bygda.

Takk til alle som kjøpte lodd og takk til alle medemane som og hadde med seg gevinst.

Liv vil retta ein stor takk til handelsstanden på Varhaug o.a. for den utruleg fine måten ho vert teken imot på "tiggerunden". Mange, mange takk! For basarkomiteen: Aud og Liv



Svolten?



Me har det mesta
som får deg
god og mett!



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 **ÅPNINGSTIDER:** Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30



**Lyst på noe
nytt til fine høst-
kvelder?
La Bohus hjelpe
dere.**

Mye nytt å spennende
i butikken.
Se etter i posten. Flott
høstmagasinet på vei ut nå!



Bohus[®]
www.bohus.no • tlf. 51 43 87 00

STUELAND PÅ VARHAUG

**MAND-FRED
10.00-19.00
LØRDAG
10.00-14.00**